



Årsmelding 2024

Fylkeseldrerådet i Vestland fylkeskommune



Vestland
fylkeskommune

Innhold

Om fylkeseldrerådet	3
Fylkeseldrerådet i 2024.....	4
Samansetning av rådet	6
Deltaking i 2024.....	8

Om fylkeseldrerådet

Fylkeseldrerådet i Vestland, som eit av tre medverknadsorgan i fylkeskommunen, er eit lovpålagt organ, heimla i kommunelova § 5-12. Rådet sine oppgåver, saksbehandling og organisering blir regulert i forskrift gitt av departementet.

Rådet har ni medlemmar som er oppnemnde av fylkestinget. Eit av medlemane er fylkestingsrepresentant, eit medlem er vararepresentant i fylkestinget og sju medlemmer er valde av pensjonistforeiningar og andre organisasjonar som representerer dei eldre. Fleirtalet av medlemane skal på valtidspunktet ha fylt 60 år.

Rådet skal sjølv peike ut leiar og nestleiar blant medlemane, og val av leiar og nestleiar skal gjerast ved fleirtalsval.

Fylkeseldrerådet er eit rådgjevande organ for fylkeskommunen og har rett til å rådgje og uttale seg i saker som gjeld eldre sine tilhøve og levevilkår. Rådet gir innspel til mellom anna høyringar og planar, og kan uttale seg i politiske saker som skal opp i andre utval, og fremme saker på eige initiativ. Rådet har sitt eige budsjett, noko som bidrar til at rådet kan samarbeide med andre eldreråd i kommunane og fylkeskommunane. Budsjett- og rekneskapsansvar er lagt til administrasjonen.

På lik line med andre politiske organ i fylkeskommunen, vert fylkeseldrerådet sine saksdokument og saksprotokollar frå rådet sine møter gjort tilgjengelege på Vestland fylkeskommune sine nettsider (www.vlfk.no). I tillegg vert digitale møte strøymt direkte og kan følgjast i Teams via lenke publisert på fylkeskommunen sine nettsider. Der finn ein og reglement for fylkeseldrerådet.

Fylkeseldrerådet i Vestland vart oppnemnde av fylkestinget i møte 17. oktober 2023, og oppretta for den fylkeskommunale valperioden. Etter konstituerande møte i rådet 20.11.2023 med ni medlemmar, vart verva fordelt slik: Kari Foseid Aakre, leiar og Asbjørn Øystein Våge, nestleiar.

Om årsmeldinga

Årsmelding 2024 for fylkeseldrerådet i Vestland gir ein oversikt over aktiviteten til fylkeseldrerådet gjennom året 2024. I årsmeldinga vil det stå litt om eldrerådet generelt, og så skriv leiar litt om fylkeseldrerådet spesifikt i året 2024, og dei viktigaste politiske sakene som har vore handsama.

Det vil vere ein opplisting av rådet sine medlemmar, liste over alle møta i fylkeseldrerådet, samt dei ulike møte og arrangement som medlemane har delteke på gjennom året.

Fylkeseldrerådet i 2024

Fylkeseldrerådet har i 2024 hatt eit godt samarbeid med administrasjonen, det har vore ei god støtte for arbeidet da fleirtalet av medlemmane er nye i høve dette arbeidet.

Mykje av arbeidet har vore knytt opp til høyringsuttalar vedrørende fylkeskommunale planar, men rådet har og handsama fleire saker etter innspel frå medlemmane.

Det har vore nyttig og viktig at rådsmedlemmane har hatt høve til å knytte kontaktar, og dele erfaringar med medlemmar i tilsvarande råd rundt om i landet.

Kontakt med fylkeskommunen, både politikarar og tilsette har og gjeve oss gode innspel. Konferansane som vert arrangert gir oss høve til dette.

Dei digitale møta vi har hatt har vore prega av tekniske problem av ymse slag, men vi ser no at dette er i ferd med å betre seg.

Vi ser fram til fortsett godt samarbeid internt og eksternt i rådet.

Leiar Kari Foseid Aakre

Av 8 møte i 2024 var 3 digitale, 5 fysiske lagt til Vestlandshuset i Bergen.

Fylkeseldrerådet hadde i 2024 eit budsjett på kr. 525.000

Viktige saker

Fylkeseldrerådet handsama 50 politiske saker og 38 referatsaker i 2024. Blant sakene som vart handsama i 2024 er det nokre som har peika seg ut særskild. Dei viktigaste finn du her:

- Førebuing av nye busskontraktar i Sunnfjord, Sogn og Sunnhordland (Bussanbod 2026)
- Føringar for vidare arbeid med konkurransegrunnlag.
- Løysingsforslag og rammer for konkurranseutsetting av ferjesamband 2027.
- Brøyting av veg.
- Mynde for medverknadsorgan til å gje høyringsuttale.
- Mål og strategier i Utviklingsplan for Vestland 2024-2028.
- Høyringsuttale - endring i pasientreiseforskrifta.
- Aldersvennleg Vestland.
- Open skule og utlån til frivillig sektor i vidaregåande skular i Vestland.
- Den kulturelle spaserstokken (DKSS) - om innkomne søknadar 2024.
- Regional transportplan - Investeringar - Rullering 2024.
- Heilskapleg plan for tilbodsstruktur for dei vidaregåande skulane 2025-2035.
- Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2028 - Invitasjon til innspel til tema og problemstillingar.
- Temaplan for Vestland tannhelseteneste.
- Handlingsprogram for trafikktrygging i Vestland 2022-2025. Rapportering på status midtveges i planperioden.
- Budsjett 2025/økonomiplan 2025-2028 - arbeidsdokument 4/24.

Samansetning av rådet

Rådet har ni medlemmar som er oppnemnde av fylkestinget. Eit av medlemmane er fylkestingsrepresentantar, eit er vararepresentant i fylkestinget og sju medlemmer er valde av pensjonistforeiningar og andre organisasjonar som representerer dei eldre. Fleirtalet av medlemmane skal på valtidspunktet ha fylt 60 år. For valperioden 2023-2027 har rådet slik samansetning:

Medlem: **Helga Bognø**, PP (midl. fritak i tida 19.09.2024 - .31.12.2024)

1. varamedlem: **Grethe Irene Fløholm Hæggernæs**, PP
2. varamedlem: **Knut Amundsen**, PP
3. varamedlem: **Kurt Johnny Hæggernæs**, PP

Medlem: **Tommy Sævareid**, INP

1. varamedlem: **Vivian Lohman Veum**, INP
2. varamedlem: **Toril Holvik Granheim**, R
3. varamedlem: **Irne Mellingen Skarstein**, BL

Medlem: **Kari Foseid Aakre**, Pensjonistforbundet Hordaland

Medlem: **Martin Monrad Reigstad**, Pensjonistforbundet Hordaland

Medlem: **Jette Lunemann Hansen**, Pensjonistforbundet Hordaland

1. varamedlem: **Olav Mongstad**, Pensjonistforbundet Hordaland
2. varamedlem: **Per Engebret Stiegler**, Pensjonistforbundet Hordaland
3. varamedlem: **Vigdis Aarre Olsen**, Pensjonistforbundet Hordaland

Medlem: **Asbjørn Øystein Våge**, Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane

Medlem: **Kari Bjørg Måren**, Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane

1. varamedlem: **Anny Helen Urtegård**, Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane
2. varamedlem: **Randi Hag**, Senior Norge
3. varamedlem: **Jostein Dale**, Radøy Pensjonistlag

Medlem: **Kjellbjørg Dagny Lunde**, Landsforbundet For Offentlege Pensjonistar

1. varamedlem: **Åge Ronald Rosnes**, Landsforbundet For Offentlege Pensjonistar
2. varamedlem: **Lasse Hunsrød**, Forsvarets seniorforbund

Medlem: **Toralv Mikkelsen**, Ullensvang eldreråd

1. varamedlem: **Odd Himle**, Senior Norge
2. varamedlem: **Vidar Ask**, Kvinnherad kommune



Bilde: Vestlandskonferansen på Sola september 2024 med deltakarar frå Rogaland og Vestland fylkeseldreråd
Bak frå venstre Monrad Reigstad, Torolv Mikkelsen, Kari Foseid Aakre, Kirsti Dybsjord, Dagrun Folkvord
Vormestrand. Foran frå venstre Jette Lunemann Hansen, Bjørn Eirik Marcusson, Kjellbjørg Lunde, Rannveig
Bærheim

Administrativ støtte

Fylkeseldrerådet har hatt møtesekretær/saksbehandlar/rådgjevar frå politisk sekretariat i fylkeskommunen. Evy Bakke var sekretær for rådet i 2024.

Deltaking i 2024

Nedanfor er ei oversikt over kva rådsmedlemene deltok på i året som gjekk:

Medlemer i fylkeseldrerådet har delteke i følgjande møte/konferansar/webinar i 2024:

- Opplæring i eldrerårsarbeid modul 1
- Eldrerådskurset i Bergen modul 2
- Brukarutvalet Haraldsplass Diakonale sjukehus
- Evalueringsmøte Den kulturelle spaserstokken
- Landskonferanse for fylkeskommunale eldreråd (Bodø).
- Vestlandskonferansen (Sola, Rogaland).
- Ressursgruppe – Tiltaksplan for tannhelse.
- Trafikktryggingsutvalet
- Trafikktryggingskonferansen

Møta i fylkeseldrerådet

25.01.2024 Vestlandshuset, Bergen
14.03.2024 Fjernmøte
27.05.2024 Vestlandshuset, Bergen
13.06.2024 Vestlandshuset, Bergen
28.08.2024 Fjernmøte
26.09.2024 Vestlandshuset, Bergen
13.11.2024 Fjernmøte
09.12.2024 Vestlandshuset, Bergen

